

17/1859

23-April-2014

Ordfører og rådmann i Lindås kommune

Lindås, 8.04.2014

Viser til møte i PMU, 02.04.2014 arkivsakID 14/1859


2. gangs handsaming av reguleringsplan Fonnebost småbåthamn, gbnr 106/12 m.fl.

Som tiltakshavar stiller eg meg **undrande** og skuffa til vedtaket, eller rettare sakt mangel på vedtak. Kan ikkje sjå at eg som jobbar med landbruk, på noko måte kan påverka saksgangen i ei plansak slik at det vert snakk om inhabilitet. Dette er også avklart i saksutgreiinga. At det vert stilt spørsmål om dette i merknad er greitt nok, men på ingen måte nytt. **Og ved eventuell tvil, burde dette vore avklart for lengst.**

Ser også at PMU kommentera avvik frå kommuneplanen. Her er det snakk om mindre justeringar etter ønske (merknad 1. gangs handsaming) frå same nabo som har merknad om habilitet. Forstår det er vanlig og gjera slike endringa, så lenge det ikkje går ut over dyrka areal ol.

Ber om at ordfører/rådmann **vurderer utfallet, også juridisk** på nytt. Slik situasjonen er no, ønske eg ei rask tilbakemelding om saksgangen framover og når saka kan ventast framlagt for kommunestyret.

Mvh


Vigleik Vabø